

Majo Egedom As  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/6063 - 23/64557

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
21.08.2023

## **Vedtak om dispensasjon fra avstand til vegmidte kommunal veg - gbnr 137/838 Alver**

Vedtak om dispensasjon er gitt på følgjande vilkår:

- Bygg skal plasserast som vist i vedlegg til søknad, Plantegning 901, datert 08.08.2023. Avstand midt kommunalveg er vist til 11,88m.
- Areal i siktsoner som påverkar eigedommen utover plassering av bygg, må ikkje nyttast til anna bygg, parkering, gjerde, murar, planter eller andre innretningar som hindrar sikt mot gangveg og offentleg veg.
- Det er viktig at grøfteareal langs kommunevegen vert oppretthalde og at det vert eit definert og klart skilje mellom kva som er veg og privat eigedom. Sikt skal alltid vere ivaretatt.
- Det skal vera avklart med avdeling for vatn- og avløp at det ikkje er konflikt i forhold til VA-nettet på eigedommen.
- Det må sikrast god handtering av overvatn frå ny planert eigedom, slik at ikkje vatn vert ført ut i communal veg Isdalstøbakken.

Dispensasjon er gitt med heimel i veglova, §§ 29 og 30.

Minner om at vedtaket berre gir dispensasjon etter veglova, med løyve til å plassere bygg innanfor avstandskravet mot offentleg veg. Dispensasjon gjeld ikkje andre privatrettslege rettar/avtalar ovanfor andre grunneigarar.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven.

### **Saksutgreiing:**

Det er søkt dispensasjon frå avstandskravet til midt communal veg, Isdalstøbakken, for plassering av tomannsbustad på eigedom 137/838.

Eigedommen ligg langs communal veg Isdalstøbakken der den kommunale vegen nyleg er etablert i samsvar med reguleringsplan for Kubbaleitet bustadfelt.

I plan for Kupeleitet er det regulert felles gangveg som endar i adkomstvegen til eigedom 137/838, 137/765, 137/51 og 137/36. Avkjørsla til communal del av Isdalstøbakken og delar av køyrevegen til desse eigedomane går gjennom 137/838. Det er svært viktig at sikt mot gangvegen og sikt i krysset/avkjørsla mot communal veg Isdalstøbakken ikkje vert hindra. Eit definert skilje i overgang mellom grøft til communal veg og eigedom er ynskjeleg, men det må ikkje ta sikt i krysset.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Med helsing**

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Majo Eigedom As

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ